

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 7/2020, 14. FEBRUAR

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

VEKA 2020: REVYPREMIERE OG MANGE ARTIGE INNSLAG

Veka 2020 er i full sving, og den vart opna sist laurdag med premiere på Vekerevyn, der studentane fornøyeleg såg tilbake på det siste tiåret med både song og sketsjar. [Les gjerne Knaggen si anmelding her](#). Vidare utover Veka skjer det mykje, og vi anbefalar alle å få med seg eit arrangement eller to. Til dømes kan Livleg laurdag vere noko å ta med seg familien på, då studentane inviterer til leik og moro for store og små i propellhallen mellom 11 og 15. [Sjå meir informasjon om Veka her](#).

CAMPUSUTVIKLINGSPLAN (1): PLANEN ER KOMEN - OG ER NO PÅ HØYRING

Statsbygg har etter ca eitt års arbeid no sendt sitt utkast til campusutviklingsplan til høgskulen og høgskuledirektøren har sendt utkastet på høyring internt på høgskulen. Våre eksterne samarbeidspartar har også fått tilsendt framlegget og vorte inviterte til eit høyringsmøte 3. mars. Det har kome fram ønske om å bruke god tid på den interne høyringa og å sjå den i samheng med den overordna strategiprosessen i 2020, så truleg blir høyringsfristen forlenga nokre veker utover den oppgitte datoen 6. mars. [Her er planen med vedlegg](#).

CAMPUSUTVIKLINGSPLAN (2): REKTORBLOGGEN: "REKKTUN-PLANEN"?

I rektorbloggen kjem rektor Johann Roppen med tidlege refleksjonar over planen - og har mellom anna merka seg at Statsbygg ser på høgskuleområdet litt som eit rekketun. I blogginnlegget blir det også kommentert at planen peikar i retning av at det er studentbehova som bør prioriterast høgast framover. [Les innlegget på rektorbloggen](#).

FORSKING (1): ANNE RANDI FAGERLID FESTØY DISPUTERER 21. FEBRUAR

Høgskulelektor Anne Randi Fagerlid Festøy på AHL, pedagogikk, vil 21. februar disputere ved Høgskulen i Innlandet på Hamar. Tittelen på avhandlinga er: "[Vilkår for læring for elevar på 1.-4. steg med vedtak om spesialundervisning](#)". [Professor Peder Haug](#) ved Høgskulen i Volda har vore hovudrettleiar på avhandlinga. [Les meir om Fagerlid Festøys avhandling og om disputasen](#).

FORSKING (2): MØTE I FORSKINGSUTVALET FREDAG 14. FEBRUAR

Forskningsutvalet har sitt første møte i 2020 fredag 14. februar, kl 11.00. På møtet vil det blant anna bli drøfta detaljar i prosessen om tilsetjing i dei fire "opne" stipendiatstillingane som har vorte lyst ut. På møtet blir det også orientering om nye mulege finansieringskjelder i Forskningsrådet og EU ved Arthur Almestad, Forskningsrådets representant i Møre og Romsdal og EU-rådgivar i Møre og Romsdal Linn-Kristin Akslen Hoel. [Her er saklista til møtet](#). Alle som vil kan kome og høyre på drøftingane i Forskningsutvalet.

FORSKING (3): EU KOPLAR KREATIVITET OG KONKURRANSEDYKTIG NÆRINGS LIV

Kreativitet, kultur og inkluderande samfunn kan bygge opp under eit konkurransedyktig næringsliv - og bidra til å løyse dei globale samfunnsutfordringane. Kven er det som løftar fram kreativitet, kultur og velferdsstatens profesjonar på ein slik måte? Det er faktisk EU i det komande forskingsprogrammet Horisont Europa. [Les meir om dette i innlegg i rektorbloggen](#).

FORSKING (4): 38 FORSKINGSGRUPPER HAR FÅTT DRIFTSMIDLAR

Forskningsadministrasjonen har tildelt driftsmidlar til 38 forskingsgrupper ved Høgskulen i Volda. Alle gruppene som søkte fekk tildelt midlar, om ikkje akkurat heile søknadsbeløpet. Dette er andre året at forskingsgruppene kan søke om driftsmidlar, og i alt fekk gruppene tildelt kr 1.655.000. Forskningsadministrasjonen understrekar at forskingsgruppemidlane skal gå til faglege aktivitetar der målet er meir forskning ved HVO, og det er ønskeleg at dette gir utslag på styringsparameterane for

FoU, t.d. vitenskaplege publiseringspoeng og vitenskapleg sampublisering med eksterne (også internasjonale) og fleire søknader om eksterne forskingsmidlar. [Her er alle forskingsgruppene ved Høgskulen i Volda.](#)

SPRÅK PÅ HØYRING: NYE INTERNE SPRÅKPOLITISKE RETNINGSLINER

Alle på høgskulen har no vorte inviterte til å delta i høyring om nye interne språkpolitiske retningslinjer for Høgskulen i Volda. Høyringsfristen er 1. april 2020. Høyringsfristen har vorte forlenga fordi det er mange samtidige høyringar nett no. Det blir også halde eit ope høyringsmøte 24. februar kl 14.00 på BK 157. [Her er høyringsbrev, framlegg til nye retningslinjer og dei gjeldande retningslinjene frå 2014.](#)

INTERNASJONAL DAG 12. FEBRUAR

Onsdag 12. februar vart årets internasjonale dag gjennomført. Høgskulen tok i mot om lag 20 internasjonale gjestar frå partneruniversitet i Austerrike, Frankrike, India, Polen, Russland, Tsjekkia, Storbritannia og USA. I tillegg vart prisen for internasjonalisering delt ut til Natura Volda, som har gjort ein ekstraordinær innsats for å skape gode møteplassar for våre internasjonale og norske studentar i lag. Gratulerer til internasjonalt kontor for ein særst godt gjennomført internasjonal dag. Les [referat frå Internasjonal dag 12. februar](#) skrive av utvekslingsstudentane Tabea Schroff og Silas Ketels.

SKULELEIARKONFERANSE I MOLDE, 23.-24. APRIL

Høgskulen i Volda er medarrangør på "Skolelederkonferansen 2020 i Møre og Romsdal", i Molde 23. og 24. april. På programmet står blant andre professor Siv Måseidvåg Gamlem. Høgskulen arrangerer konferansen i samarbeid med Fylkesmannen, Møre og Romsdal fylkeskommune, Kommunanes sentralforbund, Skolelederforbundet og Utdanningsforbundet. [Her er meir informasjon om konferansen og lenke til påmelding.](#)

MØTE I UTDANNINGSUTVALET ONSDAG 19. FEBRUAR

Utdanningsutvalet har sitt neste møte 19. februar 2020. På dagsorden står blant anna nye retningslinjer for tinging av rom og gjennomgang av Studiebarometeret. [Her er sakliste og sakspapir til møtet.](#) Alle som vil kan kome og høyre på drøftingane i Utdanningsutvalet.

NYE MEDLEMMER AV LMU (LÆRINGSMILJØUTVALET)

Høgskuledirektøren har peika ut nye medlemmer av læringsmiljøutvalet for dei neste 4 åra:

- Fagleg representant: Åsmund Svensen (ASH), vara: Janne Heggvoll (AKF)
- Rektoratet: Odd Helge M. Tonheim. Vara: Johann Roppen
- Eigedom: Øystein Mårstøl. Vara: Margrete Apelset
- Studieadministrasjonen: Maia Lisa H. Vik. Vara: Anne Helene Sørhagen
- Observatør Studentsamskipnaden: Eli Anne Løksa
- Observatør IT: Hans Førde

Studentane peikar sjølv ut sine representantar for eitt år om gongen. Her er alle medlemmer i læringsmiljøutvalet (LMU).

PUBLISERING (1): SVENN-ARVE MYKLEBOST: REDAKTØR I TIDSSKRIFTET "EARLY MODERN CULTURE ONLINE"

[Førsteamanuensis Svenn-Arve Myklebost](#), AHL, er redaktør for EMCO (*Early Modern Culture Online*), som er eit Open Access-tidsskrift på nivå ein i tellekantsystemet. I samarbeid med gjesteredaktør Delilah Bermudez Brataas frå NTNU har det no kome ei ny utgåve av tidsskriftet. Det er ei spesialutgåve om Shakespeare og/i klasserommet. Artikkelforfattarane kjem frå USA, Japan, Noreg og Sverige og artiklane dekkjer eit breitt spekter av tema, frå digital didaktikk til bruk av drama som/i undervisning. [Lenke til tidsskriftet finn de her.](#)

PUBLISERING (2): GUNNHILD BERGSET I NORDIC JOURNAL OF COMPARATIVE AND INTERNATIONAL EDUCATION

[Høgskulelektor Gunnhild Bergset](#) har publisert ein artikkel i Nordic Journal of Comparative and International Education. Tittelen på artikkelen er: "[Kva styrer og kva styrker samspelet mellom personalet og foreldra? Ein studie om kommunikasjon mellom personalet i ein barnehage og foreldre med migrasjons-bakgrunn](#)".

PUBLISERING (3): GERD SYLVI STEINNES I NORSK PEDAGOGISK TIDSSKRIFT

[Førsteamanuensis Gerd Sylvi Steinnes](#) har publisert to artiklar i eit spesialnummer om barnehage i Norsk pedagogisk tidsskrift (Idunn) Saman med Liv Torunn Eik har ho artikkelen "[Systematikk eller tilfeldighet?](#)" Saman med Marit Bøe, Karin Hognestad, Hege Fimreite og Thomas Moser har ho også skrive "[Styrken vår er gruppa. Det å vere sammen mange](#)".

PUBLISERING (4): ØYVIND ØKLAND HAR BIDRATT I FORSKINGSRAPPORT

Professor Øyvind Økland er ein forskarane i ei forskingsgruppe som har gjennomført ei omfattande undersøking om barn og skjermbruk, heime og på skulen. Resultata frå undersøkinga er viktig kunnskap for Fagfornyelsen 2020. [Her er omtale av og lenke til rapporten.](#)

KRONIKK (1): SIV MÅSEIDVÅG GAMLEM I DAGSAVISEN

[Professor Siv Måseidvåg Gamlem](#) har publisert kronikken "[La elevane velgje eksamensfag](#)" i Dagsavisen.

KRONIKK (2): TORGEIR DIMMEN I KHRONO

[Torgeir Dimmen, senterleiar ved Nynorsksenteret](#), har publisert kronikken "[Norsk og nynorsk i lærarutdanninga](#)" i nettavisa Khrono.

KRONIKK (3): KÅRE HEGGEN I SUNNMØRSPOSTEN

[Professor Kåre Heggen](#) har publisert kronikken "[Studiesteder og distriktsutvikling](#)" i Sunnmørsposten, 12. februar 2020.

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020

[Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved HVO.](#)

[Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre](#)

21.2.2020: Disputas, [Anne Randi Fagerlid Festøy](#), Høgskolen i Innlandet

24.2.2020: Høyringsmøte om [nye språkpolitiske retningslinjer for Høgskulen i Volda](#)

27.2.2020: HMS-dag.

5.3.2020: Styremøte 1/2020

9.-10.3.2020: [Nasjonal PPU-konferanse: "Lærarkvalifisering for framtida"](#)

18.-19.3.2020: Seminar for alle administrativt tilsette, Loen

19.-20.3.2020: Nasjonalt nettverk for rettleiing av nyutdanna lærarar, samling på HVO

24.-25.3.2020: Avdelingsseminar AMF

25.-26.3.2020: Solstrand-seminar. UH Nett Vest

26.-27.3.2020: Avdelingsseminar ASH

30.-31.3.2020: [Seminar: "Digital skaparkraft og dømmekraft"](#)

14.-15.4.2020: Avdelingsseminar AKF

20.-22.4.2020: [It's Volda](#), internasjonal studentkonferanse

23.-24.4.2020: Skuleleiarkonferanse, Molde

23.4.2020: Styremøte 2/2020

28.-29.4.2020: NOKUT-tilsyn, institusjonsbesøk

11.6.2020: Styremøte 3/2020

18.-19.6.2020: [Fjordkonferansen 2020](#)

8.-19.6.2020: SEANSE: Kunstnaropphald
18.8.2020: Studiestart, studieåret 2020-2021

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[14.2.2020: EU har forstått det: Næringslivet treng \(også\) kreativitet](#)

[14.2.2020: Campusutviklingsplanen har kome \(eller: Var det Rekketunplanen?\)](#)

[Alle blogginnlegg](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av strømprøduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset: Minutt-for-minutt-bilde](#)

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

www.hivolda.no

